

Ikkje utvida bruk av avkøyrsl

22.05.2010

Statens vegvesen har gjeve uttale om utvida bruk av avkøyrsl og dispensasjon frå byggjegrense til fylkesveg 48, som Kvinnherad Bygg hadde søkt om.

Vegvesenet kan ikkje godkjenna utvida bruk av avkøyrsla slik den er. Dei vil krevja at den blir opparbeidd i samsvar med vegnormalane.

Det vil mellom anna seia at svingemønster mot Uskedalen sentrum blir vesentleg utbetra med svingemønster der ein ikkje vil koma inn i motsatt køyrebane. Det må truleg skje ved at avkøyrsla til fylkesvegen blir endra.

Men hvis ein kan oppnå ei tilfredsstillande felles avkøyrsl vil vegvesnet ta stilling til dispensasjon frå byggjegrense frå offentleg veg. Her ser ein for seg at det moglege kan gjevast slik dispensasjon.